



## **SØKNADSSKJEMA med RETNINGSLINJER.**

Musikkstipend for Haugalandet 2015.

### **Viktig :**

Artistar og musikkgrupper på Haugalandet brukar dette skjemaet som veiledning når dei søker om stipendet Lokal Kraft. Ein føresetnad for å søke Lokal Kraft er å ha lest retningslinjene og bekrefte alle høve ved desse.

Søknad skal sendast på epost til [stigmorten@abcstudio.no](mailto:stigmorten@abcstudio.no) innan 1.juni 2015. Søknaden kan enten settast inn i ein epost, eller sendast som vedlegg, helst i PDF-format.

### **Send oss informasjon om følgjande :**

1. Namn på artist eller gruppe.
2. Adresse til artisten evt. alle medlemmene i gruppa.
3. Besetning. Dersom det er ei gruppe, skriv kva instrumenter dei ulike medlemmene spelar.
4. Beskriv artistens/gruppas tilknytning til Haugalandet.
5. Kva musikkjanger reknar ein som den mest nærliggande?
6. Evt tidlegare utgjevingar. Årstall, evt plateselskap.
7. Speleoppdrag dei siste tre åra. Tid og stad.
8. Musikk: Er låtmateriale klart, eller kanskje under utarbeiding? Send med demo som MP3 filer eller vis til link på nettet.
9. Ambisjonar : Kva ynskjer ein å oppnå med utgjevinga av albumet?
10. Plateselskap/samarbeidspartnar: Har artisten avtale med evt plateselskap eller annan samarbeidspartnar om komande utgjevingar?
11. Retningslinjer. Søkjaren bekrefter å ha lest retningslinjene for Lokal Kraft og er kjendt med føresetnadene for motta stipendet. Sjå under.

# RETNINGSLINJER

Musikkstipend for Haugalandet

**Søkjara til stipendet Lokal Kraft skal lese og godkjenne følgjande retningslinjer.**

1. Ein artist eller musikkgruppe på Haugalandet skal 2015 motta stipendet Lokal Kraft.
2. Stipendet har ein verdi på kr.125.000,-
3. Stipendet er gjeve av Haugaland Kraft, Etne Ellag, Haugesund Sparebank og ABC Studio.
4. Haugalandet er i denne samanhengen definert som dette geografiske området : Karmøy, Haugesund, Utsira, Bokn, Sveio, Tysvær, Vindafjord, Etne, Sauda, Bømlo og Stord.
5. Dei som søker skal ha ein sterk tilknytning til ein av desse kommunane, dvs vere frå regionen eller bu i regionen. Søkjaren treng ikkje vere fast busatt her.
6. Søknadsfrist er satt til 1.juni 2015 og ein skal nytte søknadsskjema som er å finne på [www.abcstudio.no](http://www.abcstudio.no)
7. Tildelinga skjer i august 2015. Planen er å starte produksjon av albumet hausten 2015 og ein tek sikte på at resultatet skal vere klart august 2016.
8. Representantar frå ABC Studio vil jobbe med utvelginga og kandidaten vil bli lagt fram for prosjektstyret som består av representantar frå dei 4 samarbeidspartnarane i pkt.3. Prosjektstyret tek den endelege avgjerda.
9. Mottakaren av stipendet vil kunne produsere eit album i ABC Studio.
10. Budsjett og framdriftsplan for innspelinga skal utarbeidast saman med ABC Studio. Stipendets omfang er knytta til førebuing, innspeling, mix og mastering. Stipendet dekkjer kostnader med studioleige, tekniskarhonorar, produsenthonorar og kostnader med mastering.
11. Det er ikkje høve til å ta ut stipendets midlar til andre prosjekt eller til arbeid tilknytta eit annan studio.
12. Eigenkapital: Mottakaren av stipendet skal stille med minimum kr. 25.000 i eigenkapital til prosjektet. Dette er for å styrke prosjektet sitt budsjett og kjem i tillegg til stipendets verdi på 125.000.
13. Eigeninnsats: Ein føresetnad for prosjektet er at artisten viser den naudsynte eigeninnsatsen og dedikasjonen eit slikt prosjekt krever. Dette bør kome godt fram i søknaden.
14. Mottakaren av stipendet skal vere tilgjengeleg for evt 1 opptreden på arrangement for kvar av dei 4 samarbeidspartnarane. Dette blir definert på eit seinare tidspunkt.
15. Mottakaren av stipendet Lokal Kraft vil få presentert ein kontrakt i forkant av tildelinga. Blir ein samde om høva i kontrakten, så vil artisten eller gruppa motta stipendet.

## Spørsmål?

Alle henvendelsar vedr. Lokal Kraft skal rettast til prosjektleiar Stig Morten Sørheim.

Mail : [stigmorten@abcstudio.no](mailto:stigmorten@abcstudio.no)

T : 91375131

[www.abcstudio.no](http://www.abcstudio.no)